

Vedlegg IV

Vedtekter for Sognefjorden Vel

- 1. Foreininga sitt namn er «Sognefjorden Vel».*
- 2. Foreininga sitt føremål er å fremja ei heilskapleg forvaltning av Sognefjorden, og ei bærekraftig hausting av fjorden sine ressursar. Dette skal oppnåast gjennom arbeid for å auka og spreia kunnskap om Sognefjorden sitt økosystem.*
- 3. Foreininga skal være eit talerøyr for Sognefjorden og vil ivareta interessene til ålmenta. Foreininga har som mål å verta ein høyringsinstans i samband med planlegging og forvaltning av tiltak som påverkar Sognefjorden, og som fell inn under foreininga sitt føremål.*
- 4. Foreininga skal vera ein organisasjon av enkeltpersonar og lag med interesse for Sognefjorden. Foreininga skal leiast av eit styre. Medlemskap kan oppnåast ved innbetalt årskontingent. Alle som har fylt 16 år og betalt årskontingent har møte-, tale-, forslags- og stemmerett på årsmøtet.*
- 5. Årsmøtet er Sognefjorden Vel sitt øvste og bestemmande mynde. Styret er årsmøtet sitt utøvande mynde. Styret skal bestå av leiar, nestleiar, kasserar, sekretær, to styremedlemmer og to varamedlemmer. Varamedlemmene har møte-, tale- og forslagsrett på alle styremøter, men berre stemmerett når dei møter ved forfall. Alle styremedlemmer er valt for to år. Ved første val er halve styret valt for berre eit år, slik at berre halve styret kan skiftast kvart år. Vervet som leiar, nestleiar, sekretær og kasserar er på val kvart år. Det same er varamedlemmane, revisorar, valnemnd og eventuell medlemsnemnd og vedtektsnemnd.*
- 6. Årsmøtet skal:*
 - a. Velje møteleiar, skrivar og to til å skrive under møtebok*
 - b. Godkjenne innkallinga*
 - c. Godkjenne saksliste*
 - d. Godkjenne årsmeldinga*
 - e. Godkjenne rekneskap*
 - f. Fastsette årskontingent og eventuelt budsjett*
 - g. Gjere vedtak i innkome saker, og kva saker som skal takast opp i kommande år*
 - h. Velje medlemmer til styret; leiar, nestleiar, kasserar, sekretær, to varamedlemmer, to revisorar og valnemnd på to personar.*
- 7. Val skal vere skriftleg om nokon krev det.*
- 8. Årsmøtet er vedtaksdyktig med dei medlemmane som møter når møtet er lovleg innkalla. Deltakarar vert registert med namneliste. Innkalling og saksliste skal vere gjort kjend 14 dagar før årsmøtet.*

9. Alle vedtak er avgjort med knapt fleirtal. Ved stemmelikheit har leiaren dobbeltstemme, men dette gjeld ikkje ved val. Ekstraordinært årsmøte skal haldast dersom halve styret eller halvparten av medlemmene krev det.

10. Oppløysing av Sognefjorden Vel kan berre handsamast på eit ordinært årsmøte. Vert oppløysinga vedteken med minst 2/3 fleirtal, må ein innkalla til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare.

Eit eventuelt økonomisk overskot kan gjevast til ein organisasjon med formål som liknar hovudformålet til Sognefjorden Vel. Val av mottakarforeining skjer ved simpelt fleirtalsvedtak på årsmøtet.

Vedteke på årsmøtet 4.4.2018, Sogndal